

# Årsmelding for 2022

Kvam Næringsråd skal bidra til ei nærings- og samfunnsutvikling i Kvam som gjev gode tilhøve for å drive næring, og vere ein relevant samfunnsaktør i lokalsamfunnet.

## Styremøte og medlemsutvikling i 2022.

Det er halde 4 styremøte og handsama 43 saker i 2022.

Medlemstalet pr. 31.12. 2022 er 100, ein oppgang på 7 frå 2021.

## Tillitsvalde i Kvam Næringsråd etter årsmøtet 31. mars 2022:

Styreleiar Tone Sjøgaard

Nestleiar Runar Botnen

Styremedlemer: Connie Langeland, Erlend Haugarvoll, Bjørn B. Pedersen

Varamedlemer: 1.vara Lars Kristian Bu 2. vara Ingunn Bjørke

Revisor: Jon Magnar Neteland

## Drift og administrasjon

Hans Jørgen Andersen har vore engasjert i 40% stilling som dagleg leiar.

Det er utarbeida eit strategidokument for Kvam Næringsråd i 2022. Prosessen starta i styret i februar, ei arbeidsgruppe arbeidde med planen fram til sommaren, styrehandsaming på hausten og på høyring til alle medlemsverksemdene i september. I desember vart og ein kortversjon av planen vedteken i styret.

## Strategi for Kvam Næringsråd 2023-2025

Nettverk for næringslivet



Kvam Næringsråd skal bidra til ei nærings- og samfunnsutvikling i Kvam som gjev gode tilhøve for å drive næring, og vere ein relevant samfunnsaktør.

### FOKUSOMRÅDE

Ein synleg og nyttig næringsorganisasjon for alle verksemdar i Kvam	Påverke rammevilkår for næringsliv i Kvam	Leggje til rette for rekruttering av kompetent arbeidskraft	Bidra i samfunns- og næringsutvikling
<b>VERKEMIDDEL OG TILTAK</b>			
Ein møteplass med attraktive arrangement og gode nettverk <ul style="list-style-type: none"> <li>☒ medlemsmøte</li> <li>☒ frukostmøte</li> <li>☒ Kvam U40</li> <li>☒ informasjonsdeling</li> <li>☒ vurdere konferanse</li> </ul> Avklara forhold til andre aktørar <ul style="list-style-type: none"> <li>☒ godt samarbeid med andre</li> </ul> Medlemsvekst <ul style="list-style-type: none"> <li>☒ kontinuerleg rekrutteringsarbeid</li> </ul> Sunn økonomi og driftsbalanse <ul style="list-style-type: none"> <li>☒ god økonomistyring</li> <li>☒ vurdere sponsorinntekter</li> </ul> Stor nok organisasjon til å kunne arbeid profesjonelt <ul style="list-style-type: none"> <li>☒ frå 40% til 100% stilling</li> </ul> Utvikle og marknadsføre eigen organisasjon	Vere ein representant for næringslivet og påverke prosessar som gjev rammevilkår for næringsutvikling i Kvam <ul style="list-style-type: none"> <li>☒ høyringsinstans</li> <li>☒ talerøyr for næringslivet i politiske saker</li> </ul> Samferdsel <ul style="list-style-type: none"> <li>☒ Hordalandsdiagonalen E134-Bergen</li> <li>☒ tunnel under Kvamskogen</li> </ul> Kraft <ul style="list-style-type: none"> <li>☒ ta tak i utfordringar knytt til kraft</li> </ul> Samarbeid med andre næringsråd <ul style="list-style-type: none"> <li>☒ Næringsalliansen Vestland</li> </ul> I samarbeid med Kvam herad <ul style="list-style-type: none"> <li>☒ bidra i arbeidet med rullering av kommundelplan for næring</li> <li>☒ arbeide for å oppretthalde og skaffe nye statlege arbeidsplassar</li> </ul>	Relevant utdanningstilbod i regionen <ul style="list-style-type: none"> <li>☒ Samarbeid med utdanningsaktørane</li> <li>☒ Handalag opplæringskontor</li> <li>☒ Kvam vgs</li> <li>☒ Vestland fylkeskommune</li> <li>☒ Hardangerrådet</li> </ul> Samarbeid med trainee-ordningar <ul style="list-style-type: none"> <li>☒ få traineear til Kvam gjennom Framtidsfylket og Trainee Vest</li> </ul> Samarbeid med Kvam herad <ul style="list-style-type: none"> <li>☒ samarbeid næringslivet og Kvam herad om rekrutteringsarbeid</li> </ul> Samarbeid med NAV <ul style="list-style-type: none"> <li>☒ engasjere seg i samarbeidet mellom NAV og verksemdene</li> </ul>	Kople ressursmiljø saman med medlemsverksemdar <ul style="list-style-type: none"> <li>☒ utvikle nettverk med eksterne aktørar</li> </ul> Synleggjere Kvam som ein interessant bu- og arbeidsregion <ul style="list-style-type: none"> <li>☒ få inn saker om Kvam i regionale og nasjonale media</li> </ul> Få fram kunnskap om næringslivets betydning for lokalsamfunna i Kvam <ul style="list-style-type: none"> <li>☒ saker om næringslivet i media</li> <li>☒ kople på akademia</li> </ul> Marknadsføre lokale verksemdar <ul style="list-style-type: none"> <li>☒ marknadsføre medlemsverksemdar i nettverket</li> </ul>
Kvam Næringsråd er ein medlemsstyrt interesseorganisasjon med årsmøtet som øvste organ. Årsmøtet vel styre.			

23.11.22

Desse har vore med i arbeidsgruppa for strategiarbeidet:  
Erlend Haugarvoll, Linga Laks  
Knut Endre Øyri, GBS entreprenør  
Jan B. Tolo, Norheimsund Fargehandel og Norheimsund Næringslag  
Gjermund Stuve, NLT Hordaland og Øystese Næringslag  
Tina Olsen, Hardangerfjord Hotel

### **Økonomi.**

Rekneskapan for 2022 syner eit underskot på kr 86.933.  
Avskrivning/nedskrivning av kontormaskiner og utstyr utgjer ein kostnad på 26.824.  
Kvam Næringsråd hadde kr 236.436 på bankkonto pr 31. desember 2022.  
Samla godtgjersle inkl. sosiale utgifter til dagleg leiar i 2022 er kr 314.400.  
Samla godtgjersle til styreleiing i 2022 er kr 30.000,-  
KNR har motteke kr 40.000 i driftstilskot frå Kvam herad i 2022.

### **Medlemsmøte**

Korona la ein dempar på møteverksemd også i byrjinga av 2022. Frå hausten 2022 var dei fleste tiltaka i høve pandemien historie. Alle møter var kveldsmøte, bortsett frå frukostmøtet i november.  
6. april, Boliden og Tizir, om dei store investeringane i Sørfjorden som er i gang og som vil gå over fleire år.  
12.oktober, Framtidsfylket, Innovasjon Norge og Forregion Vestland  
26. oktober, Framtidsfylket og Statens vegvesen om Konseptvalutgreiing E134 arm til Bergen  
16. november, frukostmøte hos Hardingsmolt AS  
7.desember, om fagopplæring i Kvam med Handalag, Framo Fusa, Kvam herad, Kvam vgs og Vestland fylkeskommune.

### **Prosjektarbeid.**

17.november 2022 fekk KNR tilsegn om kr 60.000 (søkt om kr 90.000) frå Krafftfondet/Kvam herad til prosjektet Kvam U40 – pilotprosjekt. Målet er å skape eit nettverk og ein møteplass for unge profesjonelle under 40 år. Prosjektet startar opp i 2023.

### **Samarbeid med andre**

Døme på samarbeid med andre organisasjonar og strukturar kring oss i løpet av året:

Kvam herad (politisk/administrativt) har invitert KNR til faste møte saman med Handalag Opplæringskontor og Hardanger og Voss Næringshage, det er gjennomført to møte i 2022. Vidare var KNR paneldeltakar i det offentlege arrangementet Klimaveke i Kvam – 11. mai, med i klimasamtale i regi av Kvam herad.

Øystese Næringslag og Norheimsund Næringslag – det er eit godt samarbeidsklime og Kvam næringsråd har jamnleg kontakt med næringslaga.

FORREGION Vestland – i regi av Forskningsrådet, Regionalt Forskningsfond, Vestland fylkeskommune, Høgskulen på Vestlandet, Vestlandsforskning mfl. Dei ynskjer å kople saman verksemdar med forskning. Forregion Vestland heldt innlegg på medlemsmøte 12. oktober.

Framtidsfylket AS har mellom anna tilbod om trainee-program for bachelor- og masterkandidatar. Etablert i Sogn og Fjordane i 2008, og utvidar no med aktivitet inn i gamle Hordaland. Fleire medlemsverksemdar i KNR er introduserte til Framtidsfylket, og dei presenterte seg og traineeordninga si på medlemsmøte 12. og

26. oktober. Har i løpet av 2022 sendt ut informasjon til alle medlemsverksemder om kurstilbod, karrieremesse m.m. frå Framtidsfylket.

NRK er ei viktig kjelde til kunnskap om kva som føregår i landet vårt. KNR ynskjer at NRK lager reportasjar frå Kvam som skapar merksemd og kjennskap til Kvam. KNR gav innspel om og la til rette for å lage ein reportasje frå Hardangerfjord Hotel i samarbeid med hotellet. Det vart innslag på NRK 14.mai som eit resultat av dette <https://www.nrk.no/vestland/unge-har-tatt-over-hotelldrifta-pa-hardangerfjord-hotel-ei-veke-1.15959665>

### Kvam Rotary Klubb

Presentasjon av Kvam Næringsråd 14. februar.

### **Vervearbeid**

Hausten 2022 starta styret og administrasjonen opp eit vervearbeid blant verksemder i Kvam med 8 nye medlemsverksemder som resultat. Dette arbeidet må halde fram i 2023.

### **Informasjonsdeling**

I løpet av året er det jamleg sendt ut informasjon til medlemsverksemdene om kurstilbod, konferansar, karrieremesser, informasjon frå fylket og heradet til næringsliv m.m.

### **Uttalar om planar o.a. til heradet, fylke og stat frå KNR**

22.september, høyringsuttale til *Planprogram - Regional plan for senterstruktur og berekraftige lokalsamfunn 2023–2035* saman med Norheimsund Næringslag og Øystese Næringslag.

14.november, innspel til arbeidet med *Konseptvalutgreiing E134 arm til Bergen* etter medlemsmøtet i KNR

26.oktober.

### **Næringsalliansen Vestland.**

Næringsalliansen Vestland vart stifta i 2008. Alliansen er eit nettverk samansett av 16 næringsforeiningar i Vestland. Saman representerer dei meir enn 3000 bedrifter og 150.000 arbeidsplassar og er ein viktig aktør når det gjeld næringsutvikling i heile fylket. KNR har delteke på eitt fysisk møte og tre Teams-møte med Næringsalliansen i løpet av 2022.

Fjordtinget i regi av Lingalaks i samarbeid med Bergen Næringsråd gjekk av stabelen 2.juni i Øystese. Næringsalliansen har laga fleire nettbaserte undersøkingar i løpet av året, som KNR har sendt vidare til våre medlemmer.

Næringsalliansen Vestland har gjeve fleire høyringsuttaler i løpet av året:

22. juni Støtte til Den Nasjonale Filmkommisjonen si tilråding om å etablere ei objektiv og føreseieleg refusjonsordning for filmproduksjon i Noreg.

30.november Støtteskriv om Stord Lufthamn til Samferdsledepartementet

20.desember Uttale i høve grunnrenteskatt på havbruk til Finansdepartementet.

### **Årets verksemd i 2021.**

Hardingsmolt AS fekk si utmerking på årsmøtet til Kvam Næringsråd den 31. mars 2022. Kostnaden med gåve til mottakaren vart støtta med kr 5.000 frå Sparebanken Vest.

### **Synleg i lokalpressa.**

HF 4. mars, innlegg om at næringslivet treng kompensasjon for høge straumprisar, vidareformidla til HF frå Næringsalliansen v/Espen Børhaug Bergen Næringsråd.

HF 5. april, artikkel om årets verksemd Hardingsmolt, basert på pressemelding.

HF 23.august, kronikk v/dagleg leiar (frå Næringsalliansen) om straumstøtte til bedrifter.

HF 27. september, kronikk v/dagleg leiar «Kvam treng unge fagfolk».

HF 11. oktober innlegg om at grunnrenteskatt og formueskatt stoppar utviklinga i norsk havbruk, vidareformidla til HF frå Næringsalliansen v/Nina Ingvaldsen Bømlo Næringsråd.

HF 25. oktober, omtale om søknad til kraftfondet, Kvam U40 pilotprosjekt.

HF 4.november, ope brev til heradsstyret frå KNR, Norheimsund og Øystese Næringslag, om kommunal straumstønad.

HF 8.november, svar frå ordførar og varaordførar om kommunal straumstønad.

HF 22.november, omtale om støtte frå KNR til opprettinga av ny kombinert yrkesfagleg klasse ved Kvam vgs.

HF 16. desember, uttale om straumstøtta frå Kvam herad til næringslivet.

### **Internmarknadsføring av verksemder**

Det er sendt ut informasjon om tre medlemsverksemder til alle medlemsverksemder.

### **Reiseliv**

Det er ikkje gjennomført særskilte tiltak for reiseliv i 2022.

### **Hardanger Zipline AS**

Org.nummer 927 903 180 Hardanger Zipline AS, 100% eigd av KNR, vart meldt oppløyst 29. mai 2020.

Alle bankkonti for selskapet vart avvikla i 2021. Selskapet var pr 31.desember 2021 under avvikling etter vedtak om tvangsavvikling i Hordaland tingrett 11.oktober 2021.

Status pr 31. desember 2022 er at tvangsavviklingsbuet er sletta og inaktivt i Brønnøysundregistra.

Norheimsund 28. februar 2023.

Tone Søgaaud – styreleiar /s/

Runar Botnen - nestleiar /s/

Erlend Haugarvoll - styremedlem /s/

Bjørn B. Pedersen – styremedlem /s/

Connie Langeland - styremedlem /s/

Hans Jørgen Andersen – dagleg leiar /s/